

KOMMISJONSVEDTAK

2011/EØS/35/11

av 20. februar 2007

om unntak for Italia i medhald av rådsdirektiv 92/119/EØF for transport av slaktesvin på offentlege og private vegar til eit slakteri innanfor ei vernesone(*)*[meldt under nummeret K(2007) 499]*

(Berre den italienske teksta er gyldig)

(2007/123/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

GJORT DETTE VEDTAKET:

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

Artikkel 1

med tilvising til rådsdirektiv 92/119/EØF av 17. desember 1992 om generelle fellesskapstiltak for bekjempelse av visse dyresykdommer og særtiltak med hensyn til smittsomt blæreutslett hos gris⁽¹⁾, særleg punkt 7 nr. 2 bokstav d) i vedlegg II, og

1. Italia kan tillate transport av slaktesvin som kjem utanfrå den vernesona som vart skipa 15. november 2006 rundt utbrotet av smittsamt blæreutslett hjå gris i kommunen Romano di Lombardia i provinsen Bergamo (heretter kalla «svina»), på offentlege og private vegar innanfor denne vernesona, til slakteriet IMC No 825 M (heretter kalla «slakteriet»), på følgjande vilkår:

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Den rette styresmakta i Italia skipa 15. november 2006 ei vernesone rundt eit utbrot av smittsamt blæreutslett hjå gris i kommunen Romano di Lombardia i provinsen Bergamo, i samsvar med artikkel 10 i direktiv 92/119/EØF.
- 2) Difor er det innført eit forbod mot flytting og transport av svin på offentlege og private vegar innanfor denne vernesona.
- 3) Italia har likevel sendt inn søknad om unntak frå dette forbodet når det gjeld transport av slaktesvin som kjem frå områda utanfor vernesona, på offentlege og private vegar innanfor vernesona, slik at dei kan fraktast til eit slakteri som ligg innanfor vernesona.
- 4) Dette unntaket bør godkjennast, på det vilkåret at Italia innfører strenge kontrolltiltak og førebyggjande tiltak som garanti for at sjukdommen ikkje spreier seg.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

- a) Den offentlege veterinæren ved opphavsdriftseininga må melde frå til den offentlege veterinæren ved slakteriet minst 24 timar på førehand om at svina vert sende.
- b) Transporten av svina til slakteriet må finne stad gjennom ein korridor. Dei nærmare reglane for denne korridoren skal vere fastsette av Italia på førehand.
- c) Køyretøya som fraktar svina, må forseglast av den rette styresmakta før eller ved innkøyringa til korridoren. Når køyretøyet vert forsegla, skal den rette styresmakta notere registreringsnummeret til køyretøyet og talet på svin som vert frakta med køyretøyet.
- d) Når køyretøyet kjem fram til slakteriet, skal den rette styresmakta
 - i) inspisere og fjerne forseglinga på køyretøyet,
 - ii) vere til stades når svina vert lossa,
 - iii) notere registreringsnummeret til køyretøyet og talet på svin som vert frakta med køyretøyet.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 52 av 21.2.2007, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 98/2007 av 28. september 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 9, 21.2.2008, s. 5.

⁽¹⁾ TEF L 62 av 15.3.1993, s. 69. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 352).

2. Straks etter lossing skal alle køyretøy som fraktar svin til slakteriet, reinsast og desinfiserast under offentlig kontroll og i samsvar med instruksjonane frå den rette styresmakta.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Italia.

Utfjerda i Brussel, 20. februar 2007.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen
